



- LAGSBLAD -

Nr. 3

Mars 1937

20 året

Formannen vår

Vegard Sletten er teken vida i veg no. Torsdagskvelden strauk han, yver Bergen og Oslo, til Italia. — — Frå fyrst av var det tanken å taka med «Bergensfjord» til Oslo. Men båten kom for seint. — So fekk han heller då småminka seg til å reisa med «Jupiter» til Bergen. Men takk skal du ha! Den farkosten kom heller ikkje til tidars. — Og den som laut taka til takke med «Gann» — det var formannen vår. — — Folk som såg han gå umbord veit å fortelja um eit andlet som gav uttrykk for ei vond verd. —

Det er eit ferdastipendium Sletten skal nytta ut. Og me spår han får ein storveges tur i kross og krik yver heile Europa, med fly, bil, «orient ekspress» og alt det fine som står til rådvelde for ferdamannen der ute.

Venteleg får me høyra frå han, me og. Ikkje berre umveges. Men *beinveges* og. — Ei *storskildring* frå ferda

er sjølv sagt det vissaste me kann rekna med til haustsesongen.

Me ynskjer honom god tur og vel møtt i laget til hausten!

Ope møte.

Det har vore skikk og bruk at ein år um anna har skipa til opne møte for landsungdomar i byen som ikkje er komne med i Bondeungdomslaget.

Det kjem stendigt ny ungdom inn til byen frå bygdene. Som oftaste er dei so nye i «staden» at dei lite har funne seg til rettes. I andre høve kann det vera eit slag blygskap eller kann henda tiltaksløysa som har halde dei burte frå den naturlege møteplassen deira, *Bondeungdomslaget*. Det hender og at ungdomar er komne frå bygder der alt ungdomslagsarbeid av det gode slaget er so framandt at dei beint fram ikkje kjem på at det *finst* noko sovore — aller minst i byen. —

Det er slike ungdomar, og alle andre med, me gjerne vil samla til eit ope møte, *torsdag 18 mars*.

Kjenner nokon lagsfolk til landsungdomar som ikkje er medlemmer i B.ul., må dei få dei til å gå på møtet den kvelden.

Programmet vert som vanleg på desse møta: Mange og eigne krefter i elden. Det kjem til å gå slik for seg:

1. Stutt tale og utgreiding um B.ul. av varaform.
2. Pianomusikk.
3. Leikframsyning av Leikarringen.
4. Song av Songarlaget.
5. Solosong.
6. Bondeguten.
7. Leik for alle i salen.

Hugs møtetida er klokka 8.

Kl. 8.

Då dei nye stengjetidene for butikkar og kontor kom, vart det vedteke at alle samkomor i B.ul. skulde taka til *kl. 8* istadenfor $8\frac{1}{2}$ fyrr.

Reknar ein med at dei fleste etter nyåret får 1 time tidlegare fri um kvelden, skulde det endå verta $\frac{1}{2}$ time *meir* å gjera på enn fyrr for dei som lyt gå heim fyrst.

Det kann sjølvstund henda at den nye møtetida ikkje for *alle* er like hendig. Men for det store *fleirtalet* burde det visseleg vera ei vinning at møta tek til kl. 8. Dette klokkeslettet er då det vanlegaste for kveldstilstellingar alle stader. Og var det lenge fyrr dei nye

vedtektene kom um 6-stengjing. For dei som sluttar arbeidet klokka 5 um etm., og heller må stå tidlegare upp um morgonen, er det sjølvstund sværande greidt med tidlegare møtetid og. For um programmet er aldri so stort kann det då vera ei von um å verta ferdig fyre midnatt — soframt møtet tok til slik burt-i-mot på slaget. — —

Men då må folk verkeleg møta upp *presis!* Rett nok er gamal vane vand å venda, men no etter kvart skulde prøvetida vera yver.

Det tek seg kleint ut at ein talar skal byrja for tome benker. — Og mest like ringt er det å ljota venta til yver halv ni når møtet er fastsett til kl. 8.

Difor godtfolk! Møt fram til rett tid heretter.

Gilde møte i februar og mars.

Det er ikkje alltid møta vert plent slik som dei er programmfeste. Det kann rett som det er koma noko i vegen. Slik har det diverre vore utetter ettervinteren ei tid. Likevel har samkomone vore både gode og interessante.

Den fyrste av dette slaget etter årsmøta var slutt baud på fyredrag av museumsdirektør *dr. F. B. Wallem*. Han tala um «Hellig Olav i kunsten». Eit overlag forvitneleg emne. Det er mest utruleg alt det kunnige folk kann få ut av ein treskurd. Men det rare

med det var likevel at *me* og makta finna noko i det ved sakkunnig hjelp. Dei gode ljusbileta hjelpte godt på i so måte.

Møte etter, 25 februar, var *Mina Ramsland* sin kveld. Fyrst tala ho um dei yngste tonekunstnarane våre. Deretter tolka ho ymse arbeid som desse kunstnarane er meistrarar for. At fru Ramsland var ei hæv songarinna som har gjort ei heiders arbeid for *norsk* tonekunst har me ofte havt høve til å gløda oss yver fyrr. Men at fru Ramsland hadde slikt eit lag på *talarestolen*, var visseleg nytt for mange. — Det var ein fest å høyra på.

Fyrste møtet i mars var likevel den gildaste kvelden. På si vis. Nokre av dei eldste, og so dei aller yngste i lagsflokket «hadde det på seg». *Sophus Thomsen* tala um den fyrste tida i B.ul. Fyrr me hadde fått hus og alt sovore. Korleis det gjekk fyre seg då den fyrste kaffistova — den i Østervåg — vart opna. — Um festar og gilde for aldri minder enn 800 menneske. — Og slik for ein dag. Thomsen hadde mange ting å drøsa um. Han lykta med ein appel til lagslyden um å arbeida vidare på det gamle grunnlaget! Det var ikkje samanlikning millom no og då i B.ul. Det var som å koma til eit duka bord for dei som gjekk inn i B.ul. no, meinte Thomsen. Men det er nok av oppgåvor. Det er berre å taka i!

R. Ingvaldstad hadde vore mykje med i lagsarbeidet fyrr. (I. var den fyrste forretningsføraren i B.ul.). Han

heldt sterkt fram kor naudsynt det var for ein lagsflokk å ha noko å «morka med»! Det var ikkje so um å gjera at arbeidet plent gav svære resultat. Noko vilde det i alle høve verta att. Elles lagde talaren B.ul. på minne ikkje å gløyma ut det samarbeidet det ein gong hadde vore millom ungdomslaga i Bergen, Haugesund og Stavanger. Det var Ingvaldstad som gjorde upptaket til å få desse stemnone til.

Lærer *Mehus* meinte som dei hine at Bondeungdomslaget hadde gjort svære framsteg frå den gongen laget vart skipa. Ved sida av det framifrå arbeidet som vert lagt ned til å samla bygdeungdomen i byen, trudde Mehus at sjølve ungdomslagsarbeidet hadde gjort uhorveleg mykje til å minka den reint styvne fiendskapen det frå gammalt hadde vore bygd og bygd i millom mange stader. Då ungdomen kom ut fekk han sjå at det var folk dei som budde i grannebygda med. Og det var snaudt nok fyrr. Mehus fortalde fleire morosame døme på sovore.

Lærer *Åbø* hadde valt ei onnor gata. Han heldt eit stutt, men flengjande fyredrag um dei verde ungdomen måtte taka vare på i fall tilværet skulde verta det det var tenkt til for kvar einskilde.

Barneleikarringen «trødde op» med fleire leikar og dansar. Det var morosamt å sjå kor flinke alle var. Ja, sume må visseleg verta reine ekspertar når so langt lid at dei kjem med i den «vaksne» ringen.

Dette møte, med blenk frå gamal og

ny tid, var verkeleg noko lagsfolket sette stor pris på. Me har berre høyrte vellæta. Det ser difor ut til at det er ikkje alltid dei «dyraste» møta — um me so skulde segja — som folk samlast til og tykkjer gildt um. Ein kann hyggja seg saman med sine eigne og! Takk skal dei ha som gjorde kvelden so uneleg for oss!

Sist torsdag var det atter ein av dei gilde kveldane i Bondeungdomslaget. *Mons Breidvik* var vand å få tak i. Men han kom godt då han kom! Breidvik tok lyden med på «*Snøggblenk i U. S. A.*» Det var mykje både morosamt og forvitneleg han hadde å fortelja. Serleg um *negrane* hadde B. mykje godt å segja. Millom deim hadde han sine beste vener der burte. Men ofte gjekk dei for lut og kaldt vatn millom amerikanerane.

Frå Bondeungdomslaget i New York bar Mons Breidvik fram ei helsing. Laget arbeider sers godt. Det har eiga hytta på Long Island, og gjer

mykje godt for landsungdomen i storbyen. Fyremål og arbeidsmåtar er dei same som for våre ungdomslag her i landet. At B.ul. i New York har vunne vyrdnad syner dette dømet: Blad og folk som steller med nordmannskapen der burte vilde ikkje ein gong taka inn lysingane åt B.ul. for betaling. — No var det ikkje nettupp uvilje mot norskdomen i dette nye laget som gjorde utslaget her. Men rett og slett otte for at Bondeungdomslaget vilde verta ei døgerfloga, som berre vilde verta å skjemmast av. — Det synte seg å gå onnorleis. — No kappast alt som er stort um å vera til stades når B.ul. i N. Y. har dette eller hitt for seg. — — Det er underleg med den lagnaden. — —

Etter fyredraget åt Breidvik kom «Bondeguten» stor og sterk. Han var i toppform og laut koma i tvo vendor. Slik skal det vera. Ikkje nokor svelteforing der i garden. — Til slutt leik. Og folk hygde seg vel.

Saklista:

- Torsdag 4 mars: Eldre lagsfolk har ordet. Barneleikarringen.
Torsdag 11 mars: Mons Breidvik. Bondeguten ved Th. Nesvik.
Torsdag 18 mars: Ope møte for landsungdom som ikkje er komne med i B.ul. Program: Stutt tale. Pianomusikk. Leikframsyning. Songarlaget. Solosong. Bondeguten ved Bergit Vik. Leik.
Torsdag 1 april: Leikemøte. Jordbær og fløyte. «Bondeguten» ved Tora Hatteland. Solosong av Wiesa Godal.
Torsdag 8 april: Fyredrag av redaktør Fanebust. Felespel av Leiv Mæhle.
Torsdag 15 april: Fyredrag. «Bondeguten» ved Brynjulv Skjærpe.

Utgeve av Bondeungdomslaget, Stavanger. Bladstyrar Johs. Hatteland.

Aktietrykkeriet i Stavanger 1937.



SOMA

ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!
Største utvalg!

*Frukt
Tobakk
Cigarar*

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telefon 3440

Nytorget 5

Kåpe- og Kjolesøm

utføres

Nelly Husebø

Telefon 4232

Økonoms gård
Klubgaten 4

**Kjøp BØKER
OG
PAPIR**

i NYGATEN 2
øverste hjørnehus

K. OPSANGER

BOKHANDEL — PAPIRFORRETNING

ANDVAKE Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

Umbodsmann for Rogaland:

Johs. Lunde, Hillevåg.

Umbodsmenn i Stavanger:

lærer Magnus Vaage, Wesselsgt. 32

skuleinspektør Øystein Eskeland

frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalsgt. 12

kontormann L. Torgersen, Kampenegt. 4

gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76

forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra med ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.

Matstova

Øvre Holmegt. 20

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Østervåg 25

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Torget 6

Mostun

ved Mosvatnet

Bondeungdomslaget.

Lagsfolk!

Hjå meg finn De eit flott
utval i

Ull-kjolety

til gamle prisar.

EINAR NORDAKER A/S
BREIDGATA 19

Stavanger Colonialforretning

har byens beste
brendte kaffe

VAALAND DAMPBAKERI

(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810 f


Utsalg:

Skolegaten 17 — Telefon 3520

A. Mauland A/s

Klostergården - Telef. 2645

Elektrisk Forretning
Radioapparater



Engelsmindegaten 15 - Telefon 3119

Lars Bø

E l e k t r i s k
installasjonsforretning

A. I D S Ø E

Telefon . . 102 - 458

Rikstelefon 3020 - 3089

Etablert 1828

Kjøtt- og Pølseforretning

Belysningskunst



Spør etter teikningar
og yverslag.


A. Edvardsen Selvik
Cicelør - Verkstad Heilandsgt. 45

BRYNE

JONAS JØRSTAD

BOKHANDEL

*All nyare litteratur
på lager.*



„SVITHUN“ er den beste sykkel
Avbetaling innrømmes

MASKINHUSET A.S
Bredgaten 9 STAVANGER

Største utvalg i
Spaser-, Sports-
og Arbeids . . .

Skotøi

Dame, herre og barn i alle prislag.

Landets beste fabrikker
Yderst lave priser
Best - billigst.
En detail - en gros

O. THORSNÆS

STAVANGER
KIRKEGATEN 42 TELEFON 3690

J. ØSTEBØ

STAVANGER

Verksgt. 2 - Telefon 1873

Parafin hengelampor
Elektriske ljosekronor
Steinty - Postelin - Glasvaror

En gros - En detail

Ingi gáva

pryder

som blommar frå

Blomsterhallen

ALT I

HEILNORSK GARN

Rogalandsgarn Norgesgarn
Tvingarn Plantef. garn
Glitregarn Slumregarn
Gretegarn

ROGALANDS/ULLVARELAG
BREDGATA 16

Ingeleiv Eikeland

Syforretning

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!
Rimelege prisar og
alt i nyaste snitt.

Godt drikka!

Løna med fleire medaljor



Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS ● SELTERS ● FARRIS
SØT OG SUR SAFT ● EPLESAFT
VYRTERØL ● IDUN EDDIK OG SENEP

GUNNAR LØVIK

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228



**Garantien for
god margarin!**



A/S MARGARINCENTRALEN